

Radøy kommune

Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
011/2019	Formannskapet i Radøy	PS	09.05.2019

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Jarle Landås	19/797	19/6051

Politisk styringsstruktur og reglement for Alver kommune

Saksopplysingar:

Bakgrunn

Fellesnemnda for Alver kommune vedtok i mars 2018 prosjektmandat for politisk styringsstruktur og lokaldemokrati. Det vart valt ei prosjektgruppe som har hatt som hovudmål å utgreia og koma med framlegg til politisk organisering og struktur for Alver kommune.

Prosjektgruppa har lagt fram sitt forslag, og fellesnemnda handsama saka i møte 1. april 2019.

Fellesnemnda gjorde følgjande vedtak:

Fellesnemnda har lagt fram sak om Politisk styringsstruktur og reglement for Alver kommune til orientering.

Saka blir sendt på høyring til utvala og dei politiske parti i Lindås, Meland og Radøy med svarfrist innan 20.05.19.

Endeleg innstilling i saka vil bli lagt fram i Fellesnemnda sitt møte 03.06.2019.

I framlegget frå prosjektgruppa ligg intensjonsavtalen sitt punkt 6 – demokratimodellen, til grunn for den politiske organiseringa.

Prinsippet om gjennomgåande representasjon ligg til grunn for val av formannskap og faste utval.

Det som no er lagt fram frå prosjektgruppa er følgjande:

- reglement for kommunestyre, formannskap, utval og råd.
- Budsjettreglement
- Prosjektstyring
- Rapportering frå rådmann
- Etske retningsliner
- Delegering til rådmann
- Arbeidsvikår og godtgjersle til folkevalde

Prosjektgruppa har hatt ein gjennomgang av reglement for kommunar tilsvarande Alver i tillegg til gjeldande reglement for Radøy, Meland og Lindås.

Alver kommunestyre vil ha 47 representantar, etter likelydane vedtak i kommunestyra i Radøy, Meland og Lindås. Ved rullering av reglementet rår prosjektgruppa til å redusera tal medlemmar i kommunestyret.

Fellesnemnda har sett 20. mai som frist for å koma med uttale til politisk styringsstruktur og reglement for Alver kommune.

Endeleg innstilling i saka vil bli lagt fram i Fellesnemnda sitt møte 03.06.2019.

Det er fellesnemnda som har sendt denne saka ut på høyring, og det er fellesnemnda som også skal ta avgjerd i saka. Rådmannen meiner difor det vil vera riktig å leggja fram saka for formannskapet utan tilråding.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Saka vert lagt fram til drøfting og uttale.

Formannskapet i Radøy - 011/2019

FS - handsaming:

Ei prosjektgruppe for politisk styringsstruktur og lokaldemokrati, sett ned av fellesnemnda, har hatt som hovudmål å utgreia og koma med framlegg til politisk organisering og struktur for Alver kommune. Kenneth Taule Murberg, som har vore leiar i prosjektgruppa, orienterte om gruppa sitt arbeid og sentrale prinsipp. Han trekte fram ordninga med tapt arbeidsforteneste, satsar for møtegodtgjersle, og fast årleg godtgjersle med utgangspunkt i ordførarløn.

Prosjektgruppa har gjort framlegg om at ordførarløna skal vera 121 prosent av løn til stortingsrepresentant. Det er gjort framlegg om at varaordførar skal ha 50 prosent stilling.

Formannskapet drøfta mellom anna godtgjersle til ordførar, og konkluderte med at den bør vera 100 prosent av løn til stortingsrepresentant. Samtidig ser formannskapet behov for varaordførar i meir enn 50 prosent stilling, særleg i dei første åra. Det vart i drøftinga lagt vekt på at den folkevalde leiinga må vera godt rusta i dialog med den administrative leiinga.

Det vart også reist spørsmål om helsestasjonen (med jordmor) og barnevernet si plassering i den politiske utvalsstrukturen. Formannskapet uttalar at "helsestasjonen med jordmor og barnevernet kan ha spørsmål og tenester som høyrer til utval for helse- og omsorg."

Etter ein grundig gjennomgang sette ordføraren fram følgjande felles innstilling i formannskapet:

Radøy formannskap gjev følgjande innspel til høyringsutkastet. Formannskapet understrekar at dei fleste partia ikkje har handsama høyringa enno, og at det kan koma yttarelegare og andre innspel frå desse fram til vedtak i fellesnemnda.

1. Godtgjersla til ordførar vert sett til godtgjersle for stortingsrepresentant.
2. Varaordførar vert i første perioden sett til minst 60% stilling, med presisering om at dette kan vurderast for neste periode, då den første kommunestyreperioden vert viktig og arbeidskrevjande.
3. Godtgjersla til formannskapet bør aukast, då dette organet har stor arbeidsmengd.
4. Det bør arbeidast vidare med retningslinjer for reisegodtgjersle, kjørebok, tapt arbeidsinntekt, heil/halvdagsmøtegodtgjersle mm. Og kontrollfunksjon for utbetalte godtgjersler.
5. Det bør utarbeidast retningslinjer for hovudarbeidsoppgåver for varaordførar.
6. Heile reglementet må justerast og tilpassast gjeldande (ny) kommunelov.
7. Tidspunkt for spørjetimen bør leggjast til ettermiddag (dersom kommunestyremøtet startar td kl 1200).
8. Delegering til rådmann skal vera systematisert, men bør ikkje knyttast til eit bestemt system i reglementet.
9. Framlegg (pkt e) bør normalt handsamast i det påfølgjande møte i vedkomande organ
10. Det må presiserast at økonomisaker skal til formannskapet, dermed innstiller «fagutvala» til

formannskapet i desse sakene

11. Helsestasjonen med jordmor og barnevernet kan ha spørsmål og tenester som høyrer til utval for helse- og omsorg

12. Delegasjon til rådmann vil truleg krevja klokskap frå politisk side i tidleg fase, for å unngå utilsikta praksis og forventningar ut frå dagens praksis i dei tre kommunane i dag.

Formannskapet slutta seg til innspel sett fram i møtet.

1.

FS - vedtak:

Formannskapet gjev følgjande innspel til høringsutkastet. Formannskapet understrekar at dei fleste partia ikkje har handsama høyringa enno, og at det kan koma yttarelegare og andre innspel frå desse fram til vedtak i fellesnemnda.

1. Godtgjersla til ordførar vert sett til godtgjersle for stortingsrepresentant.

2. Varaordførar vert i første perioden sett til minst 60% stilling, med presisering om at dette kan vurderast for neste periode, då den første kommunestyreperioden vert viktig og arbeidskrevjande.

3. Godtgjersla til formannskapet bør aukast, då dette organet har stor arbeidsmengd.

4. Det bør arbeidast vidare med retningslinjer for reisegodtgjersle, kjørebok, tapt arbeidsinntekt, heil/halvdagsmøtegodtgjersle mm. Og kontrollfunksjon for utbetalte godtgjersler.

5. Det bør utarbeidast retningslinjer for hovudarbeidsoppgåver for varaordførar.

6. Heile reglementet må justerast og tilpassast gjeldande (ny) kommunelov.

7. Tidspunkt for spørjetimen bør leggjast til ettermiddag (dersom kommunestyremøtet startar td kl 1200).

8. Delegering til rådmann skal vera systematisert, men bør ikkje knyttast til eit bestemt system i reglementet.

9. Framlegg (pkt e) bør normalt handsamast i det påfølgjande møte i vedkomande organ

10. Det må presiserast at økonomisaker skal til formannskapet, dermed innstiller «fagutvala» til formannskapet i desse sakene

11. Helsestasjonen med jordmor og barnevernet kan ha spørsmål og tenester som høyrer til utval for helse- og omsorg

12. Delegasjon til rådmann vil truleg krevja klokskap frå politisk side i tidleg fase, for å unngå utilsikta praksis og forventningar ut frå dagens praksis i dei tre kommunane i dag.

Vedlegg:

Politisk styringsstruktur og reglement - til uttale_03.04.2019

Politisk styringsstruktur og reglement for Alver kommune - sak frå fellesnemnda

Matrise for avlønning vedlegg